



Referat frå elevrådsmøte for 8-10

Fredag 2.desember

3.time, naturfagrommet

Elevrådsrepresentantar 8. trinn: Benjamin Aaberg-Fjell, Martine Thingnes, Sandra Aaland, Sebastian Bergby Carlsen

Elevrådsrepresentantar 9A: Nemi Angelica Vigdal, Nikoline Hylland Fitje

Elevrådsrepresentantar 9B: Miguel Grønli Garfoss

Elevrådsrepresentantar 10A: Eirik Sunde Reiakvam, Elise Horne Kristiansen

Elevrådsrepresentantar 10B: Erik Orasmæ, Pernilla Taule Leikanger

Vararepresentantar møter, dersom elevrådsrepresentantane ikkje har høve til å stille

SAKSLISTE

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 02.12.22, og referat frå møtet 10.11.22
Godkjent

Sak 2: Helseveka

- Tilbakemelding frå klassane på kva dei tenker om temaa: Alt anna enn sekk dag, **afterski**, neon/glitterdag, **kosekledag**, pride. Klassane tenker alle temaa er ok, men afterski og kosekledag er prioriterte.
- Andre innspel til helseveka? (Aktivitatar, faglege tema) Ingen innspel.

Sak 3: Informasjon/saker frå Sunnfjord ungdomsråd

- Mari og Pernilla skal på møte 5.desember

Sak 4: Nyttårsball

- Når? Slutten av januar? Byrjinga av februar?

Ein ynskjer nyttårsball 27.januar.

Kåringar på konge/dronning, kronprins/kronprinsesse, prins/prinsesse kan vere trinnvis.

Nokon 8.klassingar har uttrykk bekymring for nyttårsball med tanke på kjolereglar. Dei har høyrte at kjolar kan bli avklipt, om dei kjem med lange kjolar. 10.trinn forsikrar at dette ikkje vil skjer på nyttårsballet ved Naustdal skule.

Det er ingen reglar for kjolar. Og det er anbefalt at ein ikkje brukar for mykje pengar på kjolar.

Sak 5: Møteplan for elevrådet for våren

Møteplan for våren kjem i byrjinga av januar.



Sunnfjord kommune

Elevrådet ungdomssteget

Viktig at dei som er valde som elevrådsrepresentantar møter, uavhengig av kva fag ein har, når det er elevrådsmøte.

Sak 6: Saker frå trinna

- Ynskje om ei stor klokke ute, då den på veggen er så liten at ein ikkje ser kva klokka er. Utfordrande å følgje med på kva tid ein skal inn.
- Ynskje om betre/høgare ringing etter alle friminutt.
- Ynskje om nye kost og brett, som tåler litt meir.
- Det har vore nokre dagar med frosne pizzaboller. Eit tips til 9.trinn som har kantina er å ta ut pizzabollar frå frysaren dagen før, og la dei tine i kjøleskapet.

Sak 7: Saker som har komme til

Martine Thingnes

Referent